

Til
Offentleg mynde
Eigarar og nabo

22.11.2021

Varsel om igangsetting av detaljregulering for Kalneset, Stad kommune

ABO Plan & Arkitektur Stord AS startar på vegne av Kalnes Salmon AS arbeid med privat forslag til detaljregulering for Kalneset, (jf. plan- og bygningsloven § 12-3 og § 12-8 annet ledd). Arkivsaksnr. 21/5073.

Varslingsbrev, planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet er tilgjengeleg på kommunen si heimeside, og ABO sine nettsider. <https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/innsyn/kunngjeringar/> eller <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner>

Avgrensing av planområdet

Forslag til planområde er vist på vedlagte kartutsnitt. Forslag til planområde utgjør om lag 550 daa, fordelt på om lag 155 daa på land og om lag 395 daa i sjø.

Planen regulerer heile eller deler av eigedomane gnr. 177/6, 177/6/1, 177/6/2, 177/11/1, 177/11/2, 177/12, 177/13, 177/15, 177/17, 177/32, 177/41, 177/60, 177/62, samt 178/2 og 178/8.

Forslag til planområde er relativt romsleg for å kunne gi rom for avklaringar og løyse uventa forhold i løpet av prosessen. Under planarbeidet kan området verta redusert til det som er nødvendig å regulere.

Bakgrunn og mål med planarbeidet

Nærings- og kaiområdet vart tidlegare nytta til utskipping av olivin frå Lefdal gruve. Denne aktiviteten vart lagt ned i 2009. Tiltakshavar for planarbeidet er Kalnes Salmon AS, som er eigd av selskapa Kvernevik og Eide Fjordbruk. Kvernevik er i dag etablert her, etter at dei i 2019 overtok området gjennom langsiktige leigeavtaler. Tiltakshavar ser at Kalneset har eit stort potensial for ulike næringsaktivitetar, og at området er særleg attraktivt for næringar som treng tilgang til sjøen.

Hovudføremålet med planarbeidet er å legge til rette for ei næringsklynge som omfattar verksemd knytt til sjømatproduksjon, forskning og kontorplassar for marine næringar (Sjømatstaden på Kalneset). I tillegg vil ein regulere dei høgareliggjande areala for bygg og anlegg med meir. Ein transformasjon av området til ein samlingsstad for den blå næringa vil kunne generere store ringverknadar både lokalt og regionalt. Planane for området vil kunne medverke til kunnskapsdeling og -utvikling, samstundes som det vert gjort tilgjengeleg areal for lokale verksemdar.

Overordna planstatus og oppstartsmøte

I gjeldande kommuneplan for Vågsøy (2002) er planområdet sett av til næring, naust og LNF-areal på land, samt Annan særskilt bruk eller vern og Fiske, ferdsel, natur og friluftsliv. I forslag til ny kommuneplan for sjøareala i Stad kommune (2.gangshøyring 15.06.2021) er planområdet avsett til næring, småbåthamn, kombinertføremål akvakultur/hamneområde. Deler av næringsarealet er omfatta av faresone ras- og skredfare (område under marin grense). Det er, av det vi kjenner til, ikkje knytt direkte motsegn til forslag til areala innanfor planområdet. Området er ikkje tidlegare regulert. Ein er ikkje kjent med at det er andre reguleringsplanar eller oppstart av reguleringsplanar i nærområdet.

Viktige utgreingar

Planarbeidet skal vurderast i forhold til krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova § 4-2 og forskrift om konsekvensutredning. Planforslaget vil i hovudsak vil vera i tråd med overordna kommuneplan (Vågsøy og høyringsversjon for KDP sjøareala). Basert på kjent kunnskap er det få registrerte verdiar/ressursar som vil bli vesentleg påverka av planforslaget. Areal planlagt til næring og akvakultur, samt småbåthamn er nyleg konsekvensutgreidd som del av KDP for sjøareala i Stad kommune. Ein vil regulere areal til akvakulturverksemd, og potensiell bygningsmasse vil overstige 15.000 m². KU-forskrifta §§ 8 og 10 med vedlegg II gir såleis at planarbeidet skal konsekvensutgreiast, men det skal ikkje utarbeidast planprogram. Tema lista i planinitiativet kap. 1.6 er naturlege utgreiingstema. Ein vil supplere lista dersom ein vert gjort oppmerksom på andre/fleire relevante tema. Planarbeidet vil særleg ha fokus på følgande tema:

- Naturmangfald, land og marint
- Landskap
- Strandsone, friluftsliv/folkehelse
- Kulturminne/kulturmiljø
- Kystsone: Fiskeri og ferdsl på sjø
- Samferdsel og teknisk infrastruktur
- Samfunnsverknad: Næring, kunnskap, forskning. Sysselsetting, verdiskaping etc.

I tillegg til konsekvensutgreiing skal ein utarbeide ROS-analyse som vil m.a. avdekke risiko og sårbarheit knytt til tema ras- og skredfare, potensiale for kvikkleire, trafikkfare og spesielle forhold knytt til type næringsaktivitet som planen opnar for og beredskap.

Ein vil gjennomføre kartleggingar for å innhente oppdatert kunnskapsgrunnlag knytt til: Illustrasjonar av ny utbygging, marint naturmangfald, ras/skredfare, potensiale for kvikkleire og trafikkanalyse.

Innspel, samråd og medverknad

Eventuelle kommentarar, merknader, opplysningar som kan ha tyding eller interesse for planarbeidet kan sendast skriftleg til:

- ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord
- poststord@abo-ark.no / turid@abo-ark.no

innan **11.01.2022**

Spørsmål om planarbeidet eller innspel til planarbeidet kan rettast til

- Turid Verdal Tlf.: 905 22 958. E-post: turid@abo-ark.no
- Marius Johan Svoren, Kvernevik AS. Tlf.: 951 99 815. E-post: marius@kvernevik.as



Med vennleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Turid Verdal

Vedlegg

- Oversiktskart og planavgrensing